



Kommunane i
Sogn og Fjordane og Hordaland

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Kartlegging av økonomiske konsekvensar ved omlegging av eigedomsskatt på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Frå og med 2019 vart reglane for eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk endra. Anlegg som tidlegare vart vurderte som verk og bruk, skal frå inneverande år følgje reglane som gjeld for anna næringsseigedom, og produksjonsutstyr og -installasjonar kan ikkje lenger skattleggjast. Som ein konsekvens av dette skal kommunane retaksere eigedommane som blir råka av lovendringa innan 1. mars 2019. Forslaget om å ta ut produksjonsutstyr og -installasjonar frå eigedomsskattegrunnlaget gjeld ikkje for vasskraft, vindkraft, kraftnettet og anlegg som er omfatta av særskattereglane for petroleum.

Lovendringa skal fasast inn over sju år. I statsbudsjettet for 2019 er det sett av 71 mill. kroner til å kompensere kommunar som blir råka av lovendringa, noko som utgjer 1/7 av kompensasjonen på 500 mill. kroner.

Ved handsaminga av Nasjonalbudsjettet for 2019 fatta Stortinget eit nytt vedtak:

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2019 med en ny vurdering av størrelsen på kompensasjonsordningen for bortfall av eiendomsskatt på produksjonsutstyr og installasjoner, basert på resultatet av kommunenes retaksering.»

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev frå 11. februar 2019 bedt Fylkesmannen i Vestland om ei tilbakemelding på korleis lovendringa slår ut for kommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland.

Overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 tek utgangspunkt i differansen mellom eigedomsskattegrunnlaga for høvesvis skatteåret 2018 og skatteåret 2019 (der produksjonsutstyr og -installasjonar er teke ut av grunnlaget).



Vi ber derfor om følgjande opplysningar om samla eigedomsskattegrunnlag for dei eigedommane som blir råka av lovendinga:

Kommune nr og namn:	Skattegrunnlag 2018	Skattegrunnlag 2019	Differanse

Vi ber om å få tilsendt desse opplysningane innan 27. februar 2019, til postmottak fmvlpost@fylkesmannen.no

Sendinga må merkast med saksnr. 2019/4113.

Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Marit Lunde
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent